

ÅRSMØTE I SOGN FJORDSYMJEKLUBB
14. februar 2008, kl.1900,
Sognefjord Hotell, Leikanger

1. Velkommen v/styreleiar

Sogn fjordsymjeklubb heldt årsmøte torsdag 14. februar 2008, på Sognefjord Hotell i Leikanger. Styreleiar Sarah Jane Hails ønskte elleve frammøtte medlemmar velkomne.

2. Konstituering av møte

Ole Johnny Fedje blei vald til møteleiar, Terje Eggum som referent, Marit Haram Vannes og Torbjørn Dale blei utpekt til å skrive under og godkjenne referatet. Innkalling og saklista blei godkjend.

3. Årsmelding 2007

Ole Johnny konstaterte at årsmelding låg føre. Klubbens leiar, Sarah Jane Hails, gjorde greie for klubben si verksemd sidan 22. februar 2007, då Sogn fjordsymjeklubb blei skipa.

Gjennom året har klubben halde styremøte i Feios, på Hermansverk og i Dragsvik. Klubben har ved det første årets utløp 25 medlemmer i Leikanger, 10 i Sogndal, 8 i Vik, 4 i Balestrand og 7 utanfor Sogn. Styreleiar drog kort gjennom ei lang årsmelding der to aktivitetar blei fylt inn, halve Esefjorden på langs i mai og Blomesymjing i Balestrand i april, 10 grader celsius.

4. Rekneskap 2007

Rekneskapen blei referert og synte at klubben sat med ein pluss på kr. 59.440,-. Ved gjennomgangen av rekneskapen sa Ole Johnny Fedje at det kanskje var ein idé å synleggjera verdien av klubben sin dugnadsinnsats. Til dette kommenterte Marit Vannes at det talet, etter god rekneskapskikk, bør helst framgå av årsmeldinga, men kan også koma til syne som note, då dugndasverdien ikkje dreier seg om reelt betalte pengar.

Marit meinte også at dei uteståande kr. 25.000, på veg inn frå fylkeskommunen, kunne synleggjerast i ein note. Det blei elles referert at klubben etter første året sit med ein bankinnskot på kr. 119.900,-, før nemnde fylkeskommunale bidrag er betalt inn.

Årsmøtet sa seg tilfreds med den økonomiske stoda i klubben. Det kom ingen innvendingar til rekneskapen.

5. Sognefjord Swim Festival 2009

På dagsorden stod Sognefjord Swim Festival, som er Sogn fjordsymjeklubb si årlege stormønstring. Til årsmøtet låg det føre framlegg om at festivalen skulle "trekkja pusten" i 2008, med andre ord ta ein pause, og heller koma att sterkt i 2009. Styret si innstilling blei lagt fram for medlemmane. Årsmøtet hadde ikkje innvendingar mot at symjefestivalen "hoppa over" 2008. Ole Johnny Fedje sa han hadde motteke tilbakemeldingar frå mange, som hadde gjeve uttrykk for at dei forstod behovet for eit konsolideringsår.

Årsmøtet stilte seg samrøystes bak framlegget, men årsmøtet presiserte også at vedtaket om å avstå frå årets symjefestival ikkje måtte forståast som eit signal om at klubben tok eit langt kviletak. Det blei slått fast at den alminnelege aktiviteten i klubben skal haldast høgt. Knut Moen meinte at eit "friår" på festivalsida kunne gje klubben litt ekstra utsikter til å utvikla seg som allsidig klubb. Årsmøtet gav til kjenne stemning for at Sognefjord Swim Festival kunne skipast 7.-9. august i 2009.

6. Årsplan 2008

Leiaren inviterte medlemene til å setja fram idear om kva ein årsplan for inneverande års sommarprogram kunne leggja opp til. Det blei drøfta om skulane på noko vis kunne koplatt på symjetiltak i regi av klubben. Det kunne vera tiltak der elevane blei engasjert til distansesymping eller symping i fjorden. Det blei kommentert at sommarsymping vanskeleg let seg kombinera med skuletida. Det kom også framlegg om:

- Kajaktur med overnatting og innlagt fagleg program
- Vitja Fjordforsk AS på Skjer
- Utprøving av langdistanse symjestafett
- Kajakkurs for nybyrjarar og vidarekomne
- Kurs i crawl-sympjstil

Knut Moen informerte også om at fjordswim.no skal førebuast for nettbasert redigeringsystem i løpet av våren/sommaren. Han er prosjektleiar for tiltaket.

Årsmøtet gav også uttrykk for at det er stemning for julebord og kåring av Årets fjordelskar også i 2008.

Referert blei klubbens deltaking under den internasjonale vintersympjemønstringa i Tooting Bec Lido 8.-10. februar 2008. Åtte medlemmer reiste til London, dei hadde med seg fargerike inntrykk heim og leverte gode prestasjonar.

7. Kontingent 2008

Det var semje om kontingenten, kr. 200 for alle medlemmer fylte 16 år i kalenderåret før medlemsbetaling. Krav om betaling av medlemskontingent for 2008 skal utsendast i løpet av mars/april 2008.

8. Budsjett 2008

Årsmøtet hadde ingen innvendingar mot budsjettet for det komande året. Budsjett 2008 blei følgjeleg samrøystes godkjent.

9. Val

Årsmøtet valde sekretær, to styremedlemer og fire varamedlemer. Leiar Sarah Jane Hails, nestleiar Ole Johnny Fedje og kasserer Kristine Håland blei valde i 2007 for to år.

Knut Moen blei vald som sekretær. Til nye styremedlemer blei valde Bjarnhild Samland og Simone Stibbe. Nye varamedlemer til styret i fjordsympjeklubben blei Torbjørn Hasund, Katja Gesch, Torbjørn Dale og Svein Røysum. Marit Haram Vannes blei vald til klubbens revisor. Til valnemd 2009 blei valde Torill Felde og Ralph Krüger for 2 år, og Guttorm Flatabø for 1 år.

10. Ymse

Det blei gjort greie for utsiktene til at Sogn fjordsympjeklubb blir medlem av den nystifta internasjonale organisasjonen for vintersymping (IWSA). Knut Moen trur det er smart om organisasjonen blir med. Han meiner det vil medverka til å styrka klubben sin internasjonale profil, som også er eit karaktermerke ved klubben frå før. Simone Stibbe og Sarah Jane Hails, styremedlem og leiar i klubben, er sentrale personar i stiftinga av den internasjonale vintersympjeorganisasjonen. Simone Stibbe seier det er mykje å henta gjennom å delta. Marit Haram Vannes er samd og det øvrige årsmøtet sluttar seg til.

Servering og sosialt samvær med presentasjonar:

Til slutt på årsmøtet køyrde Torbjørn Dale gjennom fjorårssommarens dramatikk i Aurlandsfjorden. Årsmøtet fekk høve til å oppleve ein imponerande god dokumentasjon, med GPS-plotting som basis. Heilt til slutt viste Terje Eggum 100 bilete frå klubbmedlemene sitt opphald på Tooting Bec Lido helga før.

Møtet blei avslutta kl.22.00

Leikanger, 14. februar, 2008.

.....
Marit Haram Vannes

.....
Torbjørn Dale